

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

24/15124-24

Dato:

12.08.2025

Delegert – Byggesak/tilsyn/miljøforvaltning
Delegert saksnr: 985/25

Delegert vedtak - Adressenamn 4051-4060

Vedtak:

I medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 gjer Øygarden kommune vedtak om følgjande adressenamn:

Akode 4051: Sauholmen

Akode 4052: Ånesvika

Akode 4053: Duøyna

Akode 4054: Rambogen

Akode 4055: Vetten

Akode 4056: Austre Foldnesmarka

Akode 4057: Tibben

Akode 4058: Ågotneskroken

Akode 4059: Kjøpmannsvågen

Akode 4060: Ingjerbrekka

Kort om saka:

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.21 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval. Eining for arealforvaltning er delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vert ikkje delegert.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Kontonummer
6130.05.01590
Organisasjonsnummer
922 53 0890

E post
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

Som eit ledd i målsetjinga om full adressedekning i Øygarden kommune, er det oppretta namnesak for fleire veg- og områdeadressar i kommunen.

Saka gjeld både nye vegar som treng adresse, eksisterande område som har behov for adresse, og nokre områder der folk ferdast og det er viktig for liv, helse, sikkerheit og beredskap at også slike områder får tildelt adresse, til dømes friluftsområde/-hytter.

Nye adressenamn vart sendt ut på høyring til publikum 27.09.24 (sak 24/15124).

Høyringssvar vart sendt til uttale hos Språkrådet 10.02.25, som gav tilråding i saka 04.03.25.

Kartverket kom med tilråding vedrørande namnet Tibben den 17.02.25.

Oversikt over vedtekene adressenamn og namneforslag:

Akode	Namneforslag	Vedtak for adressenamna
4051	Sauholmen	Sauholmen
4052	Ånesvika	Ånesvika
4053	Duøyna	Duøyna
4054	Rambogen	Rambogen
4055	Veten	Veten
4056	Foldnesmarka Smalestien Austre Foldnesmarka	Austre Foldnesmarka
4057	Tibben	Tibben
4058	Ågotneskroken	Ågotneskroken
4059	Kjøpmannsvågen	Kjøpmannsvågen
4060	Ingjerbrekka	Ingjerbrekka

Saksopplysningar

Saka gjeld 10 adressenamn, Akode 4051-4060.

For områdeadressene er dei markerte områda i karta nedafor ikkje absolutt fastsett. Ved behov kan område utvidast sånn at eventuelle adresseobjekt i nærleiken også kan innlemmast i adresseområdet.

Folkehelseperspektiv:

Offentleg vegadresse er svært viktig for folkehelsa.

Kartverket skriv mellom anna dette på deira nettsider:

“En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklar kjørebekræftelse.

Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).”

Tildeling av adresser på turmål som dagsturhytter og andre hytter/friluftsområde som er tilgjengelege for ålmenta kan også vera positivt for folkehelsa då det kan auke bruken av naturen og turmoglegheitane. Søkbare adresser gjer at ein enklare kan dele informasjon og posisjon, samt finne fram til turmål.

Økonomiske konsekvensar:


Namnsetjing av nye vegar vil krevja produksjon og montering av namneskilt og tilvisingsskilt. Kostnadene vert dekt av eining for vegforvaltning sitt driftsbudsjett.

Vurdering:

Akode 4051: Sauholmen (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for holmen med same namn.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Sauholmen vert nytt områdenamn med adressekode 4051.



Akode 4052: Ånesvika (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for vika i same området.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Ånesvika vert nytt områdenamn med adressekode 4052.



Akode 4053: Duøyna (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for holmen med same namn.


Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Duøyna vert nytt områdenamn med adressekode 4053.



Akode 4054: Rambogen (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for vika i same område.


Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Rambogen vert nytt områdenamn med adressekode 4054.



Akode 4055: Veten (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for fjellet med same namn.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Veten vert nytt områdenamn med adressekode 4055.




Akode 4056: Austre Foldnesmarka (områdeadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet sin tilråding. Namnet er ikkje oppført i Sentral stadnamnregister (SSR) eller stadnamnsamlinga Hordanamn, men er sett saman av gardsnamnet Foldnes, og marka, som kjem frå at det er utmarka på Foldnes.

Det er komen inn to innspel om å ikkje nytte Foldnesmarka åleine som adressenamn. Det er komen inn forslag om å nytte Austre Foldnesmarka som adressenamn, då dette vil passe godt med at område det er snakk om alltid har vore kalla Austmarka av folk i bygda.

Namneutvalet i Øygarden kommune har vurdert at Austre Foldnesmarka vil vera eit godt val. Språkrådet tilrår også dette namnet.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Austre Foldnesmarka vert nytt områdenamn med adressekode 4056.



Akode 4057: Tibben (vegadresse)

Det er av både Språkrådet og Kartverket komen inn tilråding om å nytta Skatevikvegen. Årsaka dei oppgjev er at namnet Tibben ligg for langt unna adresseparsellen til å verte brukt som adressenamn.

I tilrådinga til Språkrådet står også dette; "Hovuddelen av vegparsellen går attmed ei vik som heiter Skatevika. Difor tilrår vi at parsellen får namnet Skatevikvegen".

Namneutvalet har vore i kontakt med grunneigarar som via e-post uttalar seg om namnet Skatevikvegn som nytt forslag. I deira uttale kjem det fram at plassen har frå gammalt av vore omtala som Tibben. Namnet er godt innarbeidd av folk i området, samt utbyggjarar m.m. Difor ønskje dei å nytte Tibben som vegnamn.

Etter synfaring i området ser namneutvalet at det kan bli feil å nytte namnet Skatevikvegen som adressenamn då området ligg på ein utsprengt flate, høgt over den nemnde vika. Terrenget ned mot vika er dessutan for bratt til at det er naturleg å kome seg ned til den omtala vika. Namneutvalet ser difor ikkje at vegparsellen går «attmed vika» slik kartet kan

gje uttrykk for. Namnet blir difor unaturleg å nytte for vegparsellen då denne ikkje vil føre til Skatevika. I reguleringsplanen for området er det regulert at vegen Brakavikvegen skal gå vidare ned til Skatevika, og namnet bør difor reserverast til å kunne nyttast i forlenging av Brakavikvegen viss ein ser behov for dette i framtida. Namneutvalet legg vekt på lokale innspel og lokal namnebruk.


Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Tibben vert nytt områdeamn med adressekode 4057.



Akode 4058: Ågotneskroken (vegadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding. Namnet er ikkje oppført i Sentral stadnamnregister (SSR) eller stadnamnsamlinga Hordanamn, men speler på formasjonen på vegen som er kort og krokete.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Ågotneskroken vert nytt vegnamn med adressekode 4055.



Akode 4059: Kjøpmannsvågen (vegadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet si tilråding, og er det same namnet som er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte for vika i same område.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Kjøpmannsvågen vert nytt vegnamn med adressekode 4055.



Akode 4060: Ingjerebrekka (vegadresse)

Skrivemåten er i tråd med Språkrådet sin tilråding. Namnet er ikkje oppført i Sentral stadnamnregister (SSR) eller stadnamnsamlinga Hordanamn, men langs vegen ligg Ingjerstova og Ingerflore som står oppført som namn på stader i stadnamnsamlinga Hordanamn.

Vegen har i dag adressenamn Losemyrvegen. Grunna tilkomst og vegsperring midt i eksisterande Losemyrvegen, er det vurdert og dela vegparsellen i to og gje den søre delen nytt adressenamn. Det er gjort eiga vurdering av dette i sak 24/11928.

Kommunedirektøren vurderer at det er grunnlag for å godkjenne at Ingjerebrekka vert nytt vegnamn med adressekode 4060.



Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtaket kan påklagast av dei som etter Stadnamnslova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn Jf. Stadnamnlova § 12 – Klage.

- a. *eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*
- b. *eigaren eller festaren i sakar som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. *ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn*

Klagefristen er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. Forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunngivast og sendast skriftleg til kommunen, jf. Forvaltningslova § 32.

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følgje, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.

Med helsing

Are Frøysland Grande
Einingsleiar

Beate Bakkedal
oppmålingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi til

Algrøy Bygdalag	Nordre Øyavegen 271	5357	FJELL
Fjell Kulturminnelag	Midskarhaugen 1	5360	KOLLTVEIT
Hjelteryggen Velforening	Postboks 4	5345	KNARREVIK
Null meter over havet	Søre Fjellavegen 85	5357	FJELL
Sotra Mållag	Steinsland Kai 70	5379	STEINSLAND
Sotra Øygarden Turlag	Grøndalen 9B	5357	FJELL
Sund Sogelag	Dalen 14	5379	STEINSLAND
Sund Turlag	Telamyra 25	5280	TELAVÅG
Våge-Foldnes Grendalag	Anglavikvegen 7	5354	STRAUME
Øygarden Mållag	Nordre Sæle 8	5334	HELLESØY
Øygarden Sogelag	Hellesundvegen 4B	5334	HELLESØY
Øygarden Turlag	Fagerdalsvegen 18	5337	RONG
Ågotnes Mållag			

Vedlegg

Angående adressenamn Tibben

Tilråding om adressenamn – Sauholmen, Ånesvika,

Duøyna, Rambogen, Veten og Ingjerebrekka mfl. –

Øygarden kommune

Tilråding – namn på ti adresseparsellar

Adressenamn til uttale hos Språkrådet

Tilråding – Bruk av adressenamn med førelekkane Ingjer-
og Ånes

Akode 4056 - Uttale frå Foldnesmarka AS ved Nils Kåre
Foldnes

Akode 4060 - Uttale frå Oskar Vik

Akode 4056 - Uttale frå Wenche Seim og Kjellaug Foldnes

Akode 4060 - Uttale frå Ottar Vik

Akode 4060 - Uttale frå Kjellaug og John Solsvik